

## DAGRENNING.

Ein sers viktig del av fridomskampen, er det propagandaarbeid som vert utført av den underjordiske presse. I denne krigen har den frie presse, den «illegale» presse gjort ein stor innsats i kampen på heimefronten i dei undertrykte land. Dei første formene for motstand kom fram gjennom dei underjordiske avisene. Først sporadisk, skrivne nyhende, ein patriotisk sang i kjedebrev — så i meir faste former, stencilerte aviser, og seinere trykte aviser med godt utstyr.

Dei frie avisene har sine serlege oppgåver i fridomsstriden. Dei skal føra kampen på det åndelege område, slik at den nazistiske propaganda og ideologi ikkje får feste i folks tenkemåte. Dei skal mana folket til aktiv kamp for fridomen sin, og gjera kjendt og få folket til å fylgja dei parolane som vert gjevne av dei som leier motstanden mot fienden. Dei skal førebu folket på dei store oppgåvene som skal løysast ved oppbygginga av landet etter krigen. Dei skal spreidda sann opplysning om utanrikspolitiske tilhøve, for å fremja og trygge freden og mellomfolkeleg samkjensle, bygt på rettferd og likestilling.

Å vera «pressemann» i dei frie avisene, er å vera soldat på eit serleg frontavsnitt, med pennen og skrivemaskina som våpen. Oppgåva er ikkje berre å informera folk om alt som hender, nyhende heime og ute, men å ta opp alle spørsmål som vedgår den praktiske og åndelege kampen for fridomen for lander. Alle spørsmål i det daglige livet som melder seg på grunn av krigen, sjå desse i samanheng med heile motstanden på heimefronten, og rettleie folket i kampen. Vi kan ikkje lata nokon klasse, noko yrkje, nokon landsmann i fred, før dei har funne sin plass i striden. Den frie presse må syta for at det ikkje berre er nokon få som er seg medvetne den strid som pågår, men at heile folket både instinktivt og medvete kjenner seg bunnen til kampen, kjenner ansvaret for å gjera innsats sjøl, og kjenner glede ved innsarsen.

Å få kvar landsmann på post, kvar på sin plass, i sams innsats for fridomen, er å skapa ei ny tid for folket vårt er å fremja dagrenninga i folket vårt som fri nasjon. Dagrenning ikkje berre ute på dei militære frontane, men på heimefronten — i oss sjøl. Folkekrigen for eigen fridom skaper oppkomme for ein fedrelandskjerleik som ikkje berre er kjenslefyld — men TENKJANDE.

Og dagrenningane for våre landsmenn i konsentrasjonslæger og fengsel for dei som i desse dagar vert førde i slaveskip til Tyskland. Hå dei er der vi skal læra den rette offervilje for fridomen vår. Hå dei som kvat minutt, kvar time, kvar dag, kviskrar, nynner, græt sin lengt ut frå